

Saksbehandlar: Knut Henning Grepstad  
Sak nr.: 14/5682-3

## **Politisk organisering i Sogn og Fjordane fylkeskommune 2015 – 2019**

**Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

- A. Den politiske organiseringa i fylkeskommunen vert for valperioden 2015-19 slik:
1. Fylkestinget skal ha 31 medlemmer.
  2. Fylkesutvalet skal ha 9 medlemmer.
  3. Fylkeskommunen skal ha 3 hovudutval, kvart med 7 medlemmer, slik:  
Hovudutval for samferdsle.  
Hovudutval for opplæring.  
Hovudutval for næring og kultur.  
  
Inntil delegeringsreglementet er revidert, jf. pkt. C. under, går alle plansakene i dagens Hovudutval for plan og næring til fylkesutvalet.
  4. Fylkesordføraren og fylkesvaraordføraren skal ikkje vere medlemmer i noko hovudutval.
  5. Det skal ikkje vere personsamanfall mellom fast møtande medlemmer i fylkesutvalet og fast møtande medlemmer i hovudutvala.
  6. Ordningane med finansutval og planutval vert vidareførte som i dag.
  7. Kontrollutvalet skal ha 3 medlemmar og ein av desse, leiaren, skal veljast mellom fylkestinget sine medlemmer.
- B. Det konstituerande fylkestinget må sjølv fastsetje fylkesordføraren si godtgjersle. Det vil vere opp til det nye fylkestinget om godtgjerslene til dei folkevalde elles skal vurderast.
- C. Også delegeringsreglementet skal vurderast av det nye fylkestinget. Dette må gjerast innan 31.12.16.
- D. Fylkestinget ber fylkesrådmannen kome attende med ei sak der ein vurderer personsamanfall mellom medlemene i eldrerådet og medlemene i rådet for funksjonshemma. I denne saka skal ein og vurdere kor mange medlemmer det bør vere i råda.

### Vedlegg:

1. KU-sak 52/14: Kontrollutvalet – vurdering av moglege innsparingstiltak 2016-19
2. KU-sak 52/14: Protokoll (28.10.14).

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### Innleiing

Lov om kommunar og fylkeskommunar (kommunelova), LOV 1992-09-25 nr 107, har i kapittel 2 reglar om dei fylkeskommunale organa.

Etter § 6 er fylkestinget det øvste fylkeskommunale organet. Fylkestinget gjer vedtak på vegner av fylkeskommunen så langt ikkje anna følgjer av lov eller delegeringsvedtak.

Fylkestinget sine medlemmer vert valde for fire år. Fylkestinget sitt medlemstal skal være eit ulike tal som - for Sogn og Fjordane med om lag 109 000 innbyggjarar - skal vere minst 19. Endring av medlemstalet i fylkestinget skal vedtakast av fylkestinget sjølv seinast 31. desember nest siste året av valperioden, med verknad for komande valperiode.

Fylkeskommunar som ikkje har innført parlamentarisk styringsform skal ha eit fylkesutval med minimum 5 medlemmer. Fylkestinget vel sjølv fylkesutvalet for fire år av og mellom medlemene av fylkestinget.

Gruppeleiarane i fylkestinget har drøfta om Sogn og Fjordane fylkeskommune skal endre tal medlemmer i fylkestinget. Med grunnlag i gruppeleiarane sine vurderingar gjorde fylkesutvalet 18.08.2014, i sak 93/14 - nr. 3 «Tal representantar i FT og storleiken på partistønaden», slikt samrøystes vedtak:

«Gruppeleiarane set i gang arbeidet. Gruppeleiarane ynskjer ei økonomisk vurdering av innsparingane ved redusert tal representantar.»

I finansutvalet si møtebok for møte 24.09.14 er følgjande teke inn:

«På vegne av gruppeleiarane sette Ap fram følgjande framlegg:

Neste fylkesting vert redusert til 31 representantar.

Fylkesutvalet får 9 medlemmar.

Hovudutval - I tillegg til fire hovudutval, skal ein få utgreidd og kostnadsreka ulike modellar, som t.d.:

1) HS som no, HO som no, HPN og HK samanslegne

2) HS som no, HK som no, HPN og HO samanslegne

Tal medlemmar i hovudutvala vert redusert til 9 eller 7 medlemmar alt etter utvalsstrukturen.

.....  
Støtte til dei politiske partia:

Støtta til dei politiske partia vert redusert med 10%.

Godtgjersle til folkevalde vert gjennomgått etter fastsetting av den politiske organiseringa.

.....  
Delavrøysting:

Noralv Distad og Frank Willy Djuvik røysta mot.

Framlegget vart vedteke.»

Fylkesrådmannen følgjer gjennom denne saka opp nemnde tilråding frå finansutvalet.

Det konstituerande fylkestinget må sjølv fastsetje fylkesordføraren si godtgjersle. Godtgjersla til dei folkevalde elles kan ev. og vurderast, men dette bør i så fall fylkesutvalet/fylkestinget sjølv ta initiativ til.

Også delegeringsreglementet skal reviderast av det nye fylkestinget. Dette må gjerast innan 31.12.16.

### Politisk organisering i dag

Den politiske organiseringa i fylkeskommunen er i dag slik:

- Fylkestinget (FT): 39 representantar.
- Fylkesutvalet (FU): 9 medlemmer.

- Finansutvalet: Medlemene i FU + hovudutvalsleiarane + gruppeleiarar i ev. parti som ikkje er representerte i FU.
- Planutvalet: Medlemene i FU + gruppeleiarar i ev. parti som ikkje er representerte i FU.
- 4 hovudutval, kvart med 9 medlemmer.
- 1 kontrollutval med 5 medlemmer, der ein av dei, leiaren, er medlem i fylkestinget.

Dei 39 representantane i fylkestinget er i dagens ordning fordelte slik:

- |   |           |
|---|-----------|
| • Fylkesordførar og fylkesvaraordførar: | 2         |
| • 4 hovudutval kvart med 9 medlemmer:   | 36        |
| • Leiar i Kontrollutvalet               | <u>1</u>  |
| • Totalt                                | <u>39</u> |

### Tal medlemmer i fylkestinget etter valet

Tal medlemmer i fylkestinget skal vere eit oddetal.  
Fylkestinget har til vanleg 4 eller 3 tingsamlingar i året.

Tal medlemmer i fylkestinget bør – slik fylkesrådmannen ser det - fastsetjast slik at alle har (minst) eit verv i tillegg til vervet som medlem av fylkestinget. Dette bør vere eit verv/ein funksjon i eit organ som gjev kvar og ein eit ansvar/oppgåvefelt i den daglege styringa av fylkeskommunen.

Følgjande bør vere føringar for å fastsetje talet:

- Reduksjonen frå dagens 39 representantar bør vere på minst 8.
- Det bør vere eit oddetal representantar i hovudutvala.
- Fylkesordførar og fylkesvaraordførar bør ikkje vere medlem i noko hovudutval.
- Medlemene i kontrollutvalet kan ikkje vere medlem i noko anna utval.

*Basert på ovannemnde, herunder vedtaket i finansutvalet 24.09, tilrår fylkesrådmannen at det bør vere 31 representantar i fylkestinget frå og med neste valperiode. Dette let seg kombinere med den hovudutvalsstrukturen som er tilrådd i denne saka, sjå under.*

Eg gjer elles merksam på følgjande moment:

Fylkestinget står fritt til å vedta ein annan hovudutvalsstruktur enn vi har i dag. Dersom ein legg seg på minimumsnivået (19 i FT), vil ein ikkje kunne halde oppe dagens hovudutvalsstruktur. Fylkestinget kan også fastsetje at ikkje alle medlemene i fylkestinget skal sitje i eit hovudutval. Dersom fylkestinget gjer det, vil ein stå friare til å fastsetje eit anna tal medlemmer i FT. Det er også mogleg å avvikle hovudutvalsordninga, og t.d. ha komitear i fylkestinget som ikkje tek avgjerder og som difor kan ha ei samansetting med partal tal medlemmer (2-nivå modell). I så fall vil ein også stå friare med omsyn til å fastsetje tal medlemmer i FT.

### Hovudutvalsstrukturen i dag

Tal hovudutval vil kunne vere avgjerande for tal representantar i fylkestinget. Fylkeskommunen har no fire hovudutval med ansvar for kvar sin sektor. Alle har 9 medlemmer. Hovudutvala har delvis avgjerdsrett etter delegeringsvedtak i fylkestinget, delvis tilråddande/rådgjevande funksjon til fylkesutvalet eller fylkestinget. Dei fire hovudutvala er:

#### Hovudutval for opplæring - HO

Hovudutvalet skal innafor sine fullmakter styre arbeidet med dei opplæringsspørsmål som fylkeskommunen gjennom lovverket er ansvarleg for, og med andre spørsmål som gjeld kompetanseheving og kompetanseformidling i fylket.

#### Hovudutval for kultur - HK

Hovudutvalet har som arbeidsområde dei kulturspørsmål som fylkeskommunen handsamar og som ikkje har sektorovergripande verknad. Hovudarbeidsområdet for utvalet vil vere saker etter kulturminnelova, fordeling av kulturmidlar og ivaretaking av fylkeskommunen sitt kulturpolitiske ansvar.

#### Hovudutval for plan og næring - HPN

Hovudarbeidsområdet for utvalet er saker etter plan- og bygningslova, friluftsløva, andre miljøsaker, nærings- og energispørsmål og andre regionalpolitiske saker som fylkeskommunen har ansvaret for.

### Hovudutval for samferdsle - HS

Hovudarbeidsområdet for utvalet er saker etter yrkestransportlova, veglova og vegtrafikklova, og andre samferdslesaker som fylkeskommunen har ansvaret for.

### **Hovudutvala etter valet:**

Hovudutvala har ulike ansvar og eit ulikt tal saker. Det kan vere tenleg å tilpasse/harmonisere ansvar og arbeidsmengde for utvala noko betre enn i dag.

Slik fylkesrådmannen ser det har HO og HS i dag ansvaret for store/tunge sektorar og såleis eit omfattande ansvarsområde. HPN og HK har ansvar for noko mindre sektorar.

Dersom ein ønskjer å redusere tal hovudutval, vil følgjande alternativ kunne vere aktuelle:

- HPN og HK vert slegne saman.
- HO og HK vert slegne saman.
- HPN og HS vert slegne saman.

Slik fylkesrådmannen ser det kan det ligg ei rimeleg harmonisering i å slå saman Hovudutval for plan og næring og Hovudutval for kultur. HPN har i dag relativt få plansaker. Nokre av desse vert også handsama i planutvalet/fylkesutvalet.

Det er ein bra samanheng mellom nærings sakene og ein del saker i kulturutvalet. Dette kan gjere det tenleg å handsame desse sakene i eit felles utval. Med eit felles Nærings- og kulturutval kan alle plansakene (i HPN) som eit utgangspunkt gå til fylkesutvalet. Det kan tenkjast at nokre av desse bør delegerast til fylkesrådmannen, men dette bør det i så fall opnast for i nytt delegeringsreglement. Jf. elles pkt. 3 i tilrådinga til vedtak.

Med dagens teknologi vil det ikkje vere særlege ulemper i ulik geografisk plassering av direktørar eller at det er fleire direktørar som skal førebu saker til eit felles utval. Det er i dag to direktørar som legg fram saker for HPN.

I tillegg har vi i dag felles sekretariat for Hovudutval for plan og næring og Hovudutval for samferdsle. I dette ligg det heller ikkje nemnande praktiske ulemper.

*Fylkesrådmannen tilrår på dette grunnlag at tal hovudutval vert redusert frå fire til tre og at vi endrar dagens utvalsstruktur ved å etablere eit nytt Hovudutval for næring og kultur. I tillegg til dette tilrår fylkesrådmannen at det vert 7 medlemmer i kvart hovudutval. Ved at alle medlemene i desse utvala kjem frå fylkestinget og ingen får plass i meir enn eitt utval, vil utvala i alt romme 21 av fylkestinget sine tilrådde 31 medlemmer.*

### **Kontrollutvalet i dag og etter valet**

Kontrollutvalet har i dag 5 medlemmer. Ein medlem, leiaren, er medlem i fylkestinget. Dei 4 andre er valde utanom fylkestinget. Minst ein medlem må sitje i fylkestinget.

Fylkestinget står fritt til å velje alle, eller fleire enn ein, frå fylkestinget.

Kontrollutvalet tilrår i KU-sak 52/14 av 28.10.14 at KU etter valet framleis bør ha 5 medlemmer og at 3 av desse bør kome frå FT. Saka til KU og møteboka frå utvalet følgjer vedlagt denne saka.

Fylkesrådmannen gjer merksam på at denne løysinga ikkje er godt tilpassa den modellen som ligg i den saka som no vert fremja om den politiske organiseringa. Det har samanheng med at FT-medlemmer som sit i KU ikkje kan vere medlem i noko anna utval (under FT).

Slik fylkesrådmannen ser det har fylkestinget her tre alternativ:

1. Anten reduserer ein tal medlemmer i KU frå 5 til 3, og legg inn som føring at berre ein av desse (leiaren) skal kome frå FT.
2. Eller så legg ein opp til at det framleis skal vere 5 i KU, men at berre ein (leiaren) skal kome frå FT (som i dag).
3. Eller så vedtek ein tilrådinga i KU-sak 52/14 ved å endre den politiske organiseringa som fylkesrådmannen tilrår i denne saka.

Fylkesrådmannen tilrår, ut frå ei samla vurdering, at Kontrollutvalet får tre medlemmer etter valet, og at ein av desse, leiaren, kjem frå fylkestinget. Dvs. alternativ 1. over.

## Fylkesutvalet i dag og etter valet

Fylkestinget avgjer sjølv tal medlemer i fylkesutvalet. Kommunelova krev at det skal vere minimum 5.

Fylkesutvalet, med suppleringar, fungerer som finansutval og planutval. Det er ein fordel at desse organa har ei samansetting som er så representative at dei aller fleste grupperingar vert tidleg med i dei viktigaste prosessane. Dette oppnår ein ved å føre vidare dagens ordning med at alle hovudutvala/parti i fylkestinget er representerte. Dermed er ikkje tal medlemer i FU avgjerande for full politisk representasjon i finansutvalet og planutvalet.

I dag har ikkje alle partia plass i fylkesutvalet. Fordelinga av plassane i fylkesutvalet vil ikkje berre vere avhengig av representasjonen i fylkestinget. Fordelinga vil også avhenge av forhandlingar og om det vert stilt felleslister.

*Basert på ovannemnde, herunder vedtaket i finansutvalet 24.09, tilrår fylkesrådmannen at det bør vere 9 representantar i fylkesutvalet frå og med neste valperiode. Dette let seg kombinere med dei tilrådingane som elles ligg i saka.*

## Etter valet - personsamanfall mellom fylkesutvalet og hovudutvala?

Slik fylkesrådmannen ser det bør ein vurdere å unngå personsamanfall mellom fast møtande medlemer i hovudutvala og fast møtande personar i fylkesutvalet. Utan slike samanfall vil vi få eit noko tydelegare skilje mellom sektor- og samordningsinteressene. Dette vil betre kunne avvege den situasjonen vi har i dag der det i blant kan bli litt mange «advokatar» for sektorinteressene i fylkesutvalet.

Store og viktige saker vil likevel verte handsama i finansutvalet og her vil hovudutvalsleiarane også tiltre. Slike saker vil vidare bli avgjorde i fylkestinget, og her vil alle interessene vere representerte

Planutvalet er først og fremst eit organ for å drøfte dei regionale planane som omhandlar heile fylket. Då er ikkje dei fylkeskommunale sektorinteressene så avgjerande at det er naturleg med representasjon frå hovudutvala.

*Ei organisering med 31 medlemer i FT, 9 medlemer i FU, 7 i kvart av 3 hovudutval og 1 i kontrollutvalet let seg kombinere med at ein ikkje legg opp til personsamanfall mellom hovudutvala og FU så langt det gjeld fast møtande medlemer. Samtidig vil alle representantane i FT vil få minst eit verv i tillegg til vervet som medlem av fylkestinget.*

## Ny samla organisering

Dei 31 representantane i fylkestinget vil etter tilrådinga i denne saka bli slik:

• Medlemer i fylkesutvalet, inkl. fylkesordførar/fylkesvaraordførar	9
• 3 hovudutval kvart med 7 medlemmer	21
• Leiar i Kontrollutvalet	<u>1</u>
• Totalt	<u>31</u>

## Eldrerådet og rådet for funksjonshemma

I arbeidsdokument nr 4/14 til finansutvalet skreiv fylkesrådmannen i pkt. 3.2 Forvaltning m.a.:

«Fylkesrådet for eldre og Fylkesrådet for funksjonshemma er lovpålagde organ, men fylkestinget kan bestemme at det skal vere personsamanfall og samtidige møte i dei to råda. Råda har i dag 5 medlemer kvar. Fylkesråda disponerer i dag til saman 0,24 mill. kr til drift av råda. Gjennomsnittleg kostnad pr. ordinært medlem er kalkulert til om lag 20 000 kr pr. år. Ved oppretting av «felles råd» på 5 medlemer kan det samla driftsbudsjettet halverast til 0,12 mill. kr. «Felles råd» er lagt inn i dette budsjettframlegget.»

I finansutvalet 24.09.14 vart det sett fram følgjande framlegg relatert til dette punktet (KrF):

«Post 4004 Diverse råd og utval, innsparing 0,1 mill.kr. Det skal utgreiast representasjonsfordeling om fylkesrådet for eldre og funksjonshemma kan vere eit råd med 7 medlemer. Det samla driftsbudsjettet for desse råda vert redusert med 40 000 til 200 000 og resten av innsparinga vert teken med 60 000 på Vestlandsrådet.»

Dette framlegget fekk ikkje fleirtal.

Ved den avsluttande voteringa for budsjettområdet Forvaltning, vart det gjort slikt vedtak:

«Framlegget frå fylkesrådmannen, med dei justeringar som følgjer av delavrøystingane over, vart samrøystes vedteke.»

Med grunnlag i denne prosessen tilrår fylkesrådmannen at fylkestinget ber fylkesrådmannen kome attende med ei sak der ein vurderer personsamanfall mellom medlemene i eldrerådet og medlemene i rådet for funksjonshemma. I saka skal ein og vurdere kor mange medlemmer det bør vere i råda. Råda må få høve til å gje uttale til eit første utkast til saksførelegg.

### Økonomiske konsekvensar

Endra tal folkevalde kan ha økonomiske konsekvensar for driftsutgiftene både for fylkestinget, fylkesutvalet og hovudutvala. I utrekningane nedanfor har vi brukt reelle kostnadstal for 2014, henta frå rekneskapssystemet Visma. For nokre utgifter har vi nytta tal frå 2013, prisjustert til 2014. Dei gjennomsnittlege kostnadane er kalkulert pr. ordinært medlem. Då er medrekna dei kostnadane som varierer proporsjonalt med talet på medlemmer.

Som grunnlag for berekningane er det for 2 representative møte i 2 hovudutval henta ut reise-rekningar som var leverte i etterkant av møta. I dei tilfella der ikkje alle medlemmane hadde levert rekningar, er det henta ut eit gjennomsnitt av dei leverte reisene x tal medlemmar i utvalet/fylkestinget. Deretter er det lagt til andre relevante kostnader som servering ol. For medlemene i fylkestinget er det også rekna med tapt arbeidsforteneste som arbeidsgjevar har sendt på faktura.

Gjennomsnittet av dei to møta i same utval har vorte ganga med tal møte i løpet av eitt år i det aktuelle utvalet. Dette har gitt ein samla møtekostnad for utvalet/fylkestinget i løpet av eitt år. For å finne kva kostnaden for ein medlem i utvala/fylkestinget er i løpet av eitt år, er denne summen delt på tal medlemmar i utvalet. Så er det lagt til faste godtgjersler, sosiale kostnader og ein skjønssum til IKT-kostnad etc. for den einskilde medlem.

Utval	Samla kalkulert kostnad for 2014 for ordinære medlemmer (kr)	Gjennomsnittleg kostnad pr. ordinært medlem for 2014 (kr)
HPN	450 000 (678 000 inkl. leiar)	50 000
FU	2 970 000	330 000
FT	3 724 000	95 500

Kostnadsstrukturen for medlemane i hovudutvala er rimeleg lik, vi reknar difor med at kostnadane for HPN i hovudsak er representativ for alle hovudutvala, sjå likevel nedanfor.

For kontrollen si skuld er følgjande stilt opp: Budsjettet for politisk leing er i 2014 på 10,9 mill.kr. Faste godtgjersler og reiser i 2014 med grunnlag i forbruk 1. halvår 2014 til fylkesordførar, fylkesvaraordførar og sekretariatsleiar er kalkulert til rundt 4,3 mill.kr. Det vil seie at rundt 6,6 mill.kr. til disposisjon til møta i fylkesutvalet og fylkestinget, noko som stemmer godt med tala ovanfor.

Budsjettet for hovudutvala er i 2014 på 3,1 mill.kr. Faste godtgjersler til hovudutvalsleiarane utgjør omlag 0,9 mill.kr. Det står då att rundt 2,2 mill.kr. til møta i hovudutvala, noko som gir omlag 0,55 mill.kr til kvart utval, eller om lag 50 000 kr pr. medlem. Det kan variere noko kor lange møta er. Det kan også vere slik at nokre utval har fleire 2 dagars møte. Dette er det teke omsyn til i ei avsluttande samla skjønsvurdering av kostnad pr. folkevald. Det er rekna med at kostnadane er 50 000 kr for kvart medlem i hovudutvala.

Reglane for godtgjersle til dei folkevalde er slik:

Fylkestinget: Alle får fast godtgjersle, møtegodtgjersle, tapt arbeidsforteneste (legitimert og ulegitimert) og reise- og opphaldsutgifter. Dette gjeld ikkje fylkesordførar og fylkesvaraordførar som har fast godtgjersle. Dei får berre dekka reise- og opphaldsutgifter.

Fylkesutvalet: Medlemmene i fylkesutvalet får fast godtgjersle og får dekka reise- og opphaldsutgifter i samband med arbeidet som dei utfører som fylkesutvalssmedlemmer. Møtande vararepresentantar får møtegodtgjersle, tapt arbeidsforteneste og reise- og opphaldsutgifter.

Hovudutvala/kontrollutvalet: Leiarane får fast godtgjersle og får dekka reise- og opphaldsutgifter. Dei andre medlemene får møtegodtgjersle, tapt arbeidsforteneste og reise- og opphaldsutgifter.

Innsparingar med 31 medlemmer i fylkestinget, 9 i fylkesutvalet og 3 hovudutval med 7 i kvart (kr):

Hovudutvala	Fylkesutvalet	Fylkestinget	Til saman
- 750 000	0	- 764 000	- 1 514 000

Dersom ein hadde gått heilt ned til 19 representantar i fylkestinget, 5 i fylkesutvalet og ikkje hatt hovudutval, ville innsparinga blitt om lag slik:

Hovudutval: -3 100 000 kr, fylkesutvalet -1 650 000 kr, fylkestinget 1 910 000 kr. Til saman: - 6 660 000 kr, med dagens tal møte i FT og FU. Med eit slikt tal representantar må ein pårekna noko auka kostnader til fleire/lengre møte i fylkestinget og fylkesutvalet. Det er vanskeleg å talfeste dette. Det ville likevel blitt ei vesentleg innsparing, truleg omlag 5 mill.kr.

Viss ein vel løysingar på eit nivå mellom 31 og 19 i fylkestinget, kan ein rekne med innsparingar på eit nivå mellom det ein får med 31 medlemmer (1,5 mill. kr) og 19 medlemmer (om lag 5 mill.kr).

### **Tilråding**

Jf. framlegg til vedtak.